

St.prp. nr. 20

(2005–2006)

Om endringer av løyvingar på statsbudsjettet medrekna folketrygda for 2005 under Arbeids- og sosialdepartementet

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet av 25. november 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Arbeids- og sosialdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringer av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Sosiale formål på statsbudsjettet, endringer av løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda og inntektene under folketrygda for 2005.

Dei reviderte overslaga for folketrygdas utgifter og inntekter i 2005 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap pr. 30. september 2005. Berekningsgruppa for folketrygda, som gjer anslag for regelstyrte ordningar under Arbeids- og sosialdepartementet sine programområde 09, 29 og 33, programområde 30 Helsevern, folketrygda under Helse- og omsorgsdepartementet og fødselspen- gar og adopsjonspengar under Barne- og familie- departementet, har sett på overslaga i møte 20.

oktober 2005. Forslag til endringer i løyvingar som vedkjem Arbeids- og sosialdepartementet sine område, er med mindre avrundingar m.m. basert på overslag i Berekningsgruppa. Dei andre departementa fremmar eventuelle forslag om endringer i sine proposisjonar.

Arbeids- og sosialdepartementet fremmar forslag om å setje ned løyvingane under utgiftskapitla under programområde 09 Sosiale formål med 50,4 mill. kroner, å setje ned løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 1 745,4 mill. kroner og å setje ned løyvingane under programområde 33 Arbeidsliv med om lag 373 mill. kroner. Samla foreslår Arbeids- og sosialdepartementet at løyvingane under utgiftskapitla blir sett ned med 2 168,8 mill. kroner. Løyvingane under inntektskapitla foreslår departementet auka med om lag 54,8 mill. kroner. Samla finansieringsbehov vert såleis minska med 2 223,6 mill. kroner for 2005.

2 Forslag under dei enkelte kapitla

Kap. 603 Arbeidsretten, meklingsinstitusjonen m.v.

(i 1000 kr)					
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter	12 212	11 500	12 300	+ 800
21	Spesielle driftsutgifter	1 228	1 700	900	- 800
	Sum endringar	13 439	13 200	13 200	0

Post 01 Driftsutgifter

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Saksmengda og utgiftene til verksemdene på kapitlet (Arbeidsretten og meklingsinstitusjonene) er svært variable, bl.a. avhengig av korleis lønsoppgjera utviklar seg, om det er hoved- eller mellomoppgjør og om det er samordna eller forbundsvise oppgjør. Posten skal vidare dekkje utgiftsauke ved institusjonane, samt kompetanseoppbyggjing og utgreiingar innafor området kollektiv arbeidsrett.

For inneverande år har verksemdene bruk for ekstra løyving på post 01 Driftsutgifter for bl.a. å

få i stand internettside, oppgradering av forhandlingslokala, utskifting av deler av IT-anlegget på grunn av serversammenbrudd samt ekstra utgifter som fylgje av lønsutviklinga for både Arbeidsrettens personale og for omfanget av honorarer til meddommere. Tilsvarende gjeld òg for meklingsinstitusjonen der honorarsatsane for kretsmeklingsmennene og særskilte oppnemnde meklingsmenn er blitt justert opp i 2005.

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 01 Driftsutgifter med kr 800 000 og at løyvinga under post 21 Spesielle driftsutgifter blir sett ned med kr 800 000.

Kap. 604 Ny arbeids- og velferdsforvaltning

(i 1000 kr)					
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
21	Spesielle driftsutgifter	0	7 000	13 200	6 200
45	Større utstyrsanskaffing og vedlikehald, kan overførast	0	50 000	46 300	-3 700
	Sum endringar		57 000	59 500	+ 2 500

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres.

Drift av interimorganisasjon (NAV interim) for den nye arbeids- og velferdsetaten.

Løyvinga for 2005 er 7 mill. kroner. NAV interim vart etablert tidlegare enn føreset og har kome raskare i gang med aktivitetar enn det ein

såg føre seg når St.prp. nr. 46 (2004-2005) var lagt fram. Dette har ført til eit nytt kostnadsoverslag på 13,2 mill kroner i 2005.

Ein gjer såleis framlegg om å auke løyvingane under post 21 med 6,2 mill. kroner mot ein reduksjon av løyvinga under post 45, Større utstyrsanskaffing og vedlikehald, kan overførast, med 3,7 mill. kroner og løyvinga på kap. 620, post 21 med 2,5 mill. kroner.

Kap. 620 Utredningsverksemd, forskning m.m.

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
21	Spesielle driftsutgifter	62 885	76 750	74 250	-2 500

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga for 2005 er 76,75 mill. kroner. Det vert gjort framlegg om å redusere løyvinga under post

21 med 2,5 mill. kroner. Sjå nærare omtale under kapittel 604 Ny arbeids- og velferdsforvaltning, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Kap. 3630 Aetat, jf. kap. 630

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
80	Innfordra misbruk av dagpengar	48 003	35 600	60 000	24 400
81	Innfordra feilutbetalte attføringsytningar	12 257	11 100	15 000	3 900
Sum endringar					28 300

Post 80 Innfordra misbruk av dagpengar

For 2005 er det budsjetttert med inntekter på 35,6 mill. kroner under post 80. På grunnlag av innbetalingar så langt i år vert løyvinga under post 80 foreslått auka med 24,4 mill. kroner til 60 mill. kroner.

Post 81 Innfordra feilutbetalte attføringsytningar

For 2004 er det budsjetttert med inntekter på 11,1 mill. kroner under post 81. På grunnlag av innbetalingar så langt i år vert løyvinga under post 81 foreslått auka med 3,9 mill. kroner til 15 mill. kroner.

Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, jf. kap. 3634

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Ordinære arbeidsmarknadstiltak	2 206 993	1 532 100	1 562 100	30 000
73	Investeringar i skjerma verksemd	66 507	77 400	47 400	-30 000
74	Lønssubsidie for reaktivisering, <i>overslagsløyving</i>	10 717	33 400	12 500	-20 900
Sum endringar					-20 900

Post 70 Ordinære arbeidsmarknadstiltak

I Revidert nasjonalbudsjett 2005 vart det opplyst at om lag 15 000 plassar ville verte gjennomført under dei ordinære arbeidsmarknadstiltaka i 1. halvår 2005. Dei faktiske tala viser at det vart gjennomført noko meir enn 17 000 tiltaksplassar. Årsaka har vore lågare kostnader ved gjennomfø-

ringa av tiltak og noko mindre kostnadskrevjande tiltakssamansetjing i 1. halvår 2005 enn rekna med. Forbruket i 1. halvår 2005 har også vore noko høgare enn rekna med.

Det er krevjande å dekkje meirforbruket for fleire tiltaksplassar i 1. halvår 2005 og samstundes nå måltalet på 12 200 tiltaksplassar i 2. halvår 2005. For å sikre best mogleg måloppnåing i 2005

har det difor vore omdisponert midlar frå tiltak for yrkeshemma (post 71) til ordinære arbeidsmarknadstiltak (post 70) etter gjeldande fullmakter. I tillegg vert det nå foreslått å auke løyvinga under kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, post 70 Ordinære arbeidsmarknadstiltak med 30 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, post 73 Investeringar i skjerma verksemd, jf. omtale under kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, post 73 Investeringar i skjerma verksemd.

Departementet foreslår at løyvinga under post 70 Ordinære arbeidsmarknadstiltak vert auka med 30 mill. kroner til 1 562,1 mill. kroner.

Post 71 Spesielle arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma

Det har vore eit sterkt fokus i Aetat på å nå måltalet for tiltaksplassar for yrkeshemma arbeidssøkarar. Erfaringsvis har det vore vanskeleg med rask opptrapping av tiltaka for yrkeshemma. For 1. halvår 2005 vart det gjennomført eit tiltaksnivå om lag på linje med måltalet for 2005 før Revidert nasjonalbudsjett (24 650 plassar). Måltalet for 1. halvår 2005 vart oppfylt med noko lågare prisar enn rekna med.

For 2. halvår 2005 er det planlagt eit gjennomsnittleg tiltaksnivå på om lag 25 500 plassar under arbeidsmarknadstiltaka for yrkeshemma. For å kunne nå dette måltalet har departementet bede Aetat leggje vekt på ein opptrappingsprofil som gjer at ein ved utgangen av året kan kome opp i eit tiltaksnivå på om lag 26 000-26 500 plassar. Samla for 2005 er det venta at nivået for arbeidsmarknadstiltaka for yrkeshemma vil vere om lag i tråd med måltala.

Post 73 Investeringar i skjerma verksemd

Løyvinga vert foreslått sett ned med 30 mill. kroner til 47,4 mill. kroner mot ein tilsvarande auke under kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, post 70 Ordinære arbeidsmarknadstiltak. Årsaka til reduksjonen er at behovet for investeringar i skjerma verksemd har vore lågare enn det som vart lagt til grunn for løyvinga. Ei slik omdispensering vil ikkje svekke den planlagde gjennomføringa av arbeidsmarknadstiltaka for yrkeshemma i 2. halvår 2005.

Departementet foreslår at løyvinga under post 73 Investeringar i skjerma verksemd vert redusert med 30 mill. kroner til 47,4 mill. kroner.

Post 74 Lønssubsidie for reaktivisering, overslagsløyving

Ordninga med lønssubsidiar for reaktivering av uførepensjonistar starta opp 1. januar 2002, medan ordninga med uførepensjon som lønstilskott vart innført som eit forsøk i fem fylke frå 1. januar 2005. For 2005 er det i alt løyvd 33,4 mill. kroner.

Løyvinga vert foreslått justert ned med 20,9 mill. kroner til 12,5 mill. kroner. Årsaka til reduksjonen er at aktiviteten på desse tiltaka så langt i år har vore lågare enn rekna med (jamfør kap. 2655 post 70 og 71). Det har trass i eit omfattande informasjonsarbeid frå Aetat og trygdeetaten, vist seg vanskeleg å rekruttere uførepensjonistar til ordningane. Dette har m.a. samanheng med at andre tiltak er meir egna for denne gruppa. Samstundes er det stor uvisse blant deltakarar og arbeidsgivarar om konsekvensane ved å gå inn på ordninga med uførepensjon som lønstilskott.

Departementet foreslår at løyvinga under post 74 Lønssubsidie for reaktivisering vert redusert med 20,9 mill. kroner til 12,5 mill. kroner.

Kap. 3634 Arbeidsmarknadstiltak, jf. kap. 634

					(1000 kr)
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirinntekt (+) Mindreinntekt(-)
02	Opplæringstenester	18 842	1 900	20 000	18 100
60	Refusjon, forsøk dagpengar		1 500	600	-900
	Sum endringar				17 200

Post 02 Opplæringstenester

For 2005 er det budsjettert med inntekter på 1,9 mill. kroner under kap. 3634 Arbeidsmarknadstil-tak post 02 Opplæringstenester. Løyvinga vert foreslått auka med 18,1 mill. kroner til 20 mill. kroner. Auken har samanheng med inntektene knytte til sal av kurs til Oppland fylkeskommune i samband med forsøket «Fritt Fram».

Departementet foreslår at løyvinga under post 02 Opplæringstenester vert auka med 18,1 mill. kroner til 20 mill. kroner.

Post 60 Refusjon, forsøk dagpengar

For 2005 er det budsjettert med inntekter på 1,5 mill. kroner under kap. 3634 Arbeidsmarknadstil-tak post 60 Refusjon, forsøk dagpengar. Dette gjeld prosjektet «Arbeid i sikte» i Verdal kom-mune.

På bakgrunn av at det er færre deltakarar i til-tak som krev refusjon frå kommunen, vert det foreslått at løyvinga under kap. 3634, post 60 vert redusert med 0,9 mill. kroner til 0,6 mill. kroner.

Salg av staten sine aksjer i AS Rehabil, Blindes Produkter AS og Industritjeneste AS

Arbeids- og sosialdepartementet eig 100 pst. av aksjane i attføringsverksemdene AS Rehabil og 44,4 pst. av aksjane i Blindes Produkter AS. Saman med Justisdepartementet eig også Arbeids- og sosialdepartementet aksjar i Industri-tjeneste AS. Justisdepartementet eig 46,1 pst. av aksjane og Arbeids- og sosialdepartementet eig 7,3 pst. av aksjane. Arbeids- og sosialdepartemen-tet og Justisdepartementet ynskjer no å avhende sine eigarandelar i desse verksemdene. Salget er årsaka i at det er viktig å ha eit klårt skille mellom dei rollane staten har som eigar, tilsynsmyndig-heit og sektorpolitisk myndigheit, for å unngå rol-lekonfliktar. Forutan å vere eigar av desse verk-semdene, mottok desse tilskott frå Aetat, ein etat underlagt ASD.

Arbeids- og sosialdepartementet og Justisde-partementet ber om at Stortinget samtykker i å selge aksjane i dei ovenfornevnte verksemdene, jfr. eige romertallsvedtak.

Kap. 3640Arbeidstilsynet

		(i 1000 kr)			
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Diverse inntekter	856	1 800	1 300	- 500
05	Tvangsmulkt	7 372	1 600	23 600	+ 22 000
Sum	Endringar				+ 21 500

Post 01 Diverse inntekter

Pr. 31. juli 2005 er det ført til inntekt i overkant av 1 mill. kroner basert på inntekter frå annonse og abonnementssalg. Dei totale inntektene er rekna ut til 1,2 mill. kroner for 2005 i og med at salet av annonser er uendra samanlikna med 2004. I bud-sjettforslaget for 2006 har departementet justert ned løyvinga på posten med 0,5 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 0,5 mill. kroner.

Post 05 Tvangsmulkt

Pr. 31. juli 2005 er det ført til inntekt i overkant av 23,2 mill. kroner, dvs. 21,7 mill. kroner i meirinntekt. Meirinntekta kan forklarast med at Oslo kommune har innbetalt uteståande tvangsmulkt for fleire år attende.

Departementet gjer framlegg om å auke løy-vinga med 22 mill. kroner til 23,6 mill. kroner.

Kap. 642 Petroleumstilsynet

		(i 1000 kr)			
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
21	Spesielle driftsutgifter	17 354	13 000	16 500	3 500

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Petroleumstilsynet reknar med ein auke i aktiviteten utover det som tidlegare var planlagt. Det er mellom anna satt i gang fleire prosjekt med bruk av eksterne konsulentar retta mot petroleumsnæringa, bl.a. for å fylgje opp utviklinga i risikonivået generelt og spesielt innafor kran- og løfteoperasjonar. Det har vore mange hendingar knytta til kran- og løft og desse er og vil verte granska meir detaljert med bruk av eksterne konsulentar. I fleire hendingar er det funne manglar ved aktørane si

evne til å forstå risikoen og grunnlaget for å prioritere risikoreduserande tiltak. Petroleumstilsynet bruker eksterne konsulentar for å fylgje opp dette.

Verksemda reknar med eit meirforbruk på 3,5 mill. kroner. Utgiftene vert refundert av gebyrer som vert ført som inntekt under kap. 3642, post 03. Refusjon av tilsynsutgifter som er utført i 4. kvartal 2005, kjem fyrst til inntekt i 2006.

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 21 med 3,5 mill. kroner.

Kap. 3642 Petroleumstilsynet

		(i 1000 kr)			
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
02	Oppdrags- og samarbeidsverksemd	270	1 300	500	- 800
03	Refusjon av tilsyns-utgifter	51 966	54 000	59 000	+ 5 000
Sum	Endringar				+ 4 200

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd

Inntekter under denne posten er retta mot NORAD og Boris si verksemd (bilateralt samarbeid mellom Noreg og Russland om utvikling av tryggleiksreglar for petroleumsverksemda i Russland). Spesielt Boris-prosjektet, vert mindre enn tidlegare rekna med.

På bakgrunn av dette, gjer departementet framlegg om at løyvinga blir sett ned med 0,8 mill. kroner.

Post 03 Refusjon av tilsynsutgifter

Løyvinga for 2005 er på 54 mill. kroner.

Pr. 31. august 2005 er det ført til inntekt 40,3 mill. kroner (derav 4,7 mill. kroner som er utestående inntekter frå rekneskapsåret 2004). For 2004 hadde verksemda ei mindreinntekt på 5,7 mill. kroner som vil kome til inntekt i 2005. Verkssemda har for 3. kvartal 2005 kalkulert at refusjon av tilsynsutgifter vil utgjere 19 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 5 mill. kroner til 59 mill. kroner.

Kap. 0660 Krigspensjon

		(1000 kr)			
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift/ mindreutgift
70	Tilskott, militære, <i>overslagsløyving</i>	267 810	261 000	255 000	-6 000
71	Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i>	636 733	628 000	615 000	-13 000
	Sum endringar				-19 000

Det er i alt løyvd 889 mill. kroner for 2005 under kapittel 0660 Krigspensjon.

Post 70 Tilskott, militære, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 261 mill. kroner. Talet på militære krigspensjonistar er 6 pst. lågare enn ein la til grunn for løyvinga. Samstundes reknar ein med at invalidepensjonane i snitt vert om lag 2 300 kroner lågare og enkjepensjonane om lag 1 600 kroner lågare enn ein la til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga for 2005 med 6 mill. kroner til 255 mill. kroner.

Post 71 Tilskott, sivile, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 628 mill. kroner.

Talet på sivile krigspensjonistar er 6,4 pst. lågare enn ein la til grunn for løyvinga, men det er venta at pensjonane gjennomsnittleg vert noko høgare. Ein reknar med at invalidepensjonane i snitt vert om lag 2 600 kroner høgare og enkjepensjonane om lag 2 800 kroner høgare enn ein la til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga for 2005 med 13 mill. kroner til 615 mill. kroner.

Kap. 0664 Pensjonstrygden for sjømenn

					(1000 kr)
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift/ mindreutgift
70	Tilskott	580 000	635 000	641 000	6 000
	Sum endringar				6 000

Post 70 Tilskott

Tilskottet til Pensjonstrygda for sjømenn skal dekkje delar av betalingane til pensjon etter trygdelova for pensjon for sjømenn § 15 og underskot i pensjonstrygda etter at fondet til regulering er brukt opp.

Ein ventar no at utgiftene vert 641 mill. kroner i 2004. Dette er ei auke på 6 mill. kroner. Den viktigaste årsaka er at utgiftene til pensjon vert noko høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 6 mill. kroner til 641 mill. kroner for 2005.

Kap. 0666 Avtalefesta pensjon (AFP)

(1000 kr)					
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift/ mindreutgift
70	Tilskott	753 393	805 000	785 000	-20 000

Post 70 Tilskott

Det er venta at talet på AFP-pensjonistar blir lågare i 2005 enn det som er lagt til grunn for løyvinga, men at pensjonane i snitt blir 900 kroner høgare. Ein reknar med at det vil vere om lag

11 600 AFP-pensjonistar med tilskott frå staten ved utgangen av 2005.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga for 2005 med 20 mill. kroner til 785 mill. kroner.

Kap. 2543 Ytingar til yrkesretta attføring

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Attføringspengar, <i>overslagsløyving</i>	9 270 000	10 979 000	10 680 000	-299 000
71	Attføringsstønader, <i>overslagsløyving</i>	1 559 000	1 630 000	1 556 000	-74 000
	Sum	10 829 406	12 609 000	12 236 000	-373 000

Post 70 Attføringspengar, overslagsløyving

Det er løyvd 10 979 mill. kroner for 2005.

Utviklinga så langt i år viser færre nye mottakarar enn tidligare venta, men at det totalt har vorte fleire mottakarar av attføringspengar. Førebels var nivået på topp i mai med 68 500 mottakarar. Etter det har talet gått ned med om lag 500 personar fram til utgangen av september. Den underliggende veksten i volumet er justert ned frå 8 til 4,5 pst., samanlikna med gjeldande budsjett for 2005.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 299 mill. kroner til 10 680 mill. kroner.

Post 71 Attføringsstønader, overslagsløyving

Det er løyvd 1 630 mill. kroner for 2005.

Utgiftsutviklinga så langt i år har vore lågare enn venta. Utgiftene i 2005 ser ut til å ende opp om lag som i 2004. Grunnen til dette er at utgiftene til stønad til skulegang har gått ned.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 74 mill. kroner til 1 556 mill. kroner.

Kap. 2650 Sjukepengar

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Sjukepengar for arbeidstakarar, <i>overslagsløyving</i>	23 566 628	22 415 000	21 150 000	-1 265 000
71	Sjukepengar for sjølvstendige, <i>overslagsløyving</i>	1 626 241	1 810 000	1 500 000	-310 000
72	Omsorgs- og pleiepengar, <i>overslagsløyving</i>	272 454	395 500	280 000	-115 500
75	Feriepengar av sjukepengar, <i>overslagsløyving</i>	1 342 400	1 380 000	1 260 000	-120 000
	Sum endringar				-1 810 500

Post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 22 415 mill. kroner.

I St.prp. nr. 65 (2004-2005) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2005 vart det føresett 0,8 pst. vekst i sysselsettinga, 3,25 pst. vekst i grunnlaget for betaling av sjukepengar og 7,0 pst. færre dagar med sjukepengar pr. sysselsett.

Rikstrykdeverkets statistikk over sjukefråve-

ret og rekneskapen til og med september 2005 gjer grunn til å tru at talet på sjukepengedagar pr. sysselsatt ska gå ned med 14 pst. frå 2004 til 2005, og at grunnlaget for betaling av sjukepengar skal auke med 3,75 pst. Vidare er det nå venta at sysselsetjinga skal auke med 0,5 pst. i 2005. Samla sett gjer dette langt lågare sjukepengeutbetalningar i 2005 enn tidlegare antatt.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 1 265 mill. kroner til 21 150 mill. kroner.

Post 71 Sjukepengar for sjølvstendige arbeidstakarar, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 1 810 mill. kroner.

Frekvensen for sjukefråvær pr. sysselsett har gått ned meir enn det som vart rekna med før i år. Det var venta at frekvensen skulle gå ned med 4,0 pst. i 2005. No er det rekna med at talet på sjukepengedager pr. sysselsett i 2005 skal gå ned med 11,0 pst. Nedjusteringa i auken i sysselsettinga omtala under post 70 gjeld her og. Samstundes er venta tal for sjukepengar sett ned frå – 10 til – 11 pst.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 310 mill. kroner til 1 500 mill. kroner.

Post 72 Omsorgs- og pleiepengar ved sjukdom hos barn m.v., overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 395,5 mill. kroner.

Utgiftene i 2005 vert mindre enn venta. Det var venta ei auke i volumet i løyvinga på 5 pst. Veksten er no justert til 0 pst. for 2005. Ein årsak til dette er at kravet til dagar på institusjon ved sjukdom hos barn er og sett ned, men dette har ikkje ført til at utgiftene har auka like mykje som det som vart lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 115,5 mill. kroner til 280 mill. kroner.

Post 75 Feriepengar av sjukepengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 1 380 mill. kroner.

Utgiftene t.o.m. september har gått ned meir enn det som ligg til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer derfor framlegg om å setja ned løyvinga med 120 mill. kroner til 1 260 mill. kroner.

Kap. 2652 Medisinsk rehabilitering

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Rehabiliteringspengar, <i>overslagsløyving</i>	8 713 579	7 592 000	7 820 000	+228 000
71	Legeattestar m.v.	231 000	275 000	240 000	-35 000
	Sum endringar				+193 000

Post 70 Rehabiliteringspengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 7 592 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har auka meir enn det som vart lagt til grunn for løyvinga. Dette skuldast at talet på mottakarar i 2005 ikkje ser ut til å gå like mykje ned som tidlegare venta. Det trekkjer i motsatt retning at utbetalt yting pr. person i snitt er venta å gå ned i 2005 samanlikna med det som var føresett tidlegare.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg

om å auke løyvinga med 228 mill. kroner til 7 820 mill. kroner.

Post 71 Legeattestar m.v.

Løyvinga for 2005 er 275 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år er mindre enn venta.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer derfor framlegg om å redusere løyvinga for 2005 med 35 mill. kroner til 240 mill. kroner.

Kap. 2655 Uføre

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i>	16 011 131	16 777 000	16 626 000	-151 000
71	Tilleggs pensjon, <i>overslagsløyving</i>	23 651 796	24 761 000	24 790 000	+29 000
72	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i>	1 397 052	1 410 000	1 400 000	-10 000
73	Førebels uførepensjon, overlagsløyving	333 738	255 000	225 000	-30 000
74	Tidsavgrensa uførestønad, <i>overslagsløyving</i>	732 845	2 202 000	2 250 000	+48 000
75	Menerstatning ved yrkesskade, <i>overslagsløyving</i>	96 723	105 000	100 000	-5 000
76	Yrkesskade, gml. lovgivning, <i>overslagsløyving</i>	77 782	72 000	80 000	8 000
Sum endringer					-111 000

Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 16 777 mill. kroner.

Utgiftene i 2005 har auka mindre enn venta, mellom anna fordi fleire av dei nye mottakarane får tidsavgrensa stønad i fyrste runde. Anslaget vert derfor sett ned med 157 mill. kroner. Samstundes blir løyvinga justert opp med 6 mill. kroner fordi ordninga med uføretrygd bruka som tilskudd til lønn på kap. 634 post 74 Lønnssubsidie ved reaktivisering for lønn ikkje har vore bruka så mykje som det var meninga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 151 mill. kroner, til 16 626 mill. kroner.

Post 71 Tilleggs pensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 24 761 mill. kroner.

Talet på uførepensjonistar med tilleggspensjon pr. september er noko høgre enn det som vart lagt til grunn for løyvinga og ein kan derfor vente at utgiftene vil auke. Anslaget settes derfor opp med 19 mill. kroner. Løyvinga er i tillegg justert opp med 10 mill. kroner som følgje av at utgiftene på kap. 634 post 74 Lønnssubsidie ved reaktivisering har vore mindre enn venta.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje opp løyvinga med 29 mill. kroner, til 24 790 mill. kroner.

Post 72 Sært tillegg, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 1 410 mill. kroner.

Nokre færre uførepensjonistar enn venta har fått sær tillegg så langt i år. Utgiftene vil derfor bli lågare.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 10 mill. kroner, til 1 400 mill. kroner.

Post 73 Førebels uførepensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 255 mill. kroner.

Nokre færre personar enn venta har fått førebells uførestønad så langt i år. Utgiftene vil derfor bli lågare.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 30 mill. kroner, til 225 mill. kroner.

Post 74 Tidsavgrensa uførestønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 2 202 mill. kroner.

Det er venta at fleire av dei nye uføre får tidsavgrensa uførestønad og at ytinga i snitt er noko høgre enn lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje opp løyvinga med 48 mill. kroner, til 2 250 mill. kroner.

Post 75 Ménerstatning ved yrkesskade

Løyvinga under posten er på 105 mill. kroner i 2005. Utgiftene ser ut til å bli noko mindre enn rekna med når løyvinga vart fastsett.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 5 mill. kroner til 100 mill. kroner.

Post 76 Yrkesskade gml. lovgiving

Løyvinga under posten er på 72 mill. kroner i 2005. Utgiftene ser ut til å bli noko høgre enn rekna med då løyvinga vart sett fast.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 8 mill. kroner til 80 mill. kroner.

Kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel mv.

(1000 kr.)

Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Grunnstønad, <i>overslagsløyving</i>	1 440 418	1 490 000	1 475 000	-15 000
71	Hjelpestønad, <i>overslagsløyving</i>	1 514 426	1 564 600	1 530 000	-34 600
73	Hjelpemidlar med vidare til arbeid og utdanning	131 713	149 000	155 000	+6 000
74	Tilskot til bil	706 642	975 000	745 000	-230 000
75	Betring av funksjonsevna, hjelpemidlar	2 523 399	2 756 000	2 555 000	-201 000
76	Betring av funksjonsevna, andre formål	65 413	77 300	80 000	+2 700
78	Høyreapparat	389 142	420 000	425 000	+5 000
	Sum endringar				-466 900

Post 70 Grunnstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 1 490 mill. kroner.

Det er venta at utgiftene blir 15 mill. kroner lågare enn løyvinga. Dette skuldast færre mottakarar så langt i år enn det som ligg til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 15 mill. kroner til 1 475 mill. kroner.

Post 71 Hjelpestønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 1 564,6 mill. kroner.

Det er venta at utgiftene vil gå ned med 34,6 mill. kroner. Reduksjonen skuldast at talet på mottakarar så langt i år har gått ned meir enn venta i saldert budsjett. Nedgangen heng saman med at det i 2004 vert satt i verk betre kontroll av mottakarar som får kommunale tenester til same føremål som hjelpestønad. Kontrollen har heldt fram inn i 2005, og har ført til at nokre av betalingane

er blitt stoppa. I snitt er det betalt ut mindre per mottaker enn venta.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 34,6 mill. kroner til 1 530 mill. kroner.

Post 73 Hjelpemiddel mv. til arbeid og utdanning

Løyvinga for 2005 er 149 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har auka meir enn det som tidlegare vart lagt til grunn. Dette gjeld særskilt utgifter til hjelpemiddel for å leggje til rette i arbeidslivet. Det var rekna med å spare 16 mill. kroner på eigenbetaling for hjelpemiddel for menneske som driv privat verksemd. Effekten av dette tiltaket har vorte noko mindre i år enn venta. Årsaka er at det totale talet på dei som søker om hjelpemiddel til arbeid og utdanning stig.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje opp løyvinga med 6 mill. kroner til 155 mill. kroner.

Post 74 Tilskot til bil

Løyvinga for 2005 er 975 mill. kroner.

I løyvinga var det venta at utgiftene skulle auke mykje, særleg til bil i gruppe 1. Aukinga så langt i år har ikkje på langt nær vore så høg som tidlegare lagt til grunn. Dette skuldast at stønad til bil i gruppe 1 har vorte lågare enn lagt til grunn tidlegare.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 230 mill. kroner til 745 mill. kroner.

Post 75 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel

Løyvinga for 2005 er 2 756 mill. kroner.

Det er venta klart mindre utgifter i år samanlikna med løyvinga. Ein årsak er at hjelpemiddel-sentralane har vore i gang med å leggje om til nytt datasystem. Det er og registrert noko færre brukarar så langt i år enn på same tid i fjor.

I St.prp. nr. 1 (2004-2005) vart det gjeve eit krav om å spare inn 49 mill. kroner. Planen var derfor at sykkel med hjelpemotor skulle takast ut av sortimentet, noko som allikevel ikkje ble gjort. Kapitlet ender derfor opp med ei auke i utgiftene på 8 mill. kroner i 2005. Arbeids- og sosialdeparte-

mentet har tatt omsyn til denne auken som ein del av endringane i anslaga for utgiftene på posten.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 201 mill. kroner til 2 555 mill. kroner.

Post 76 Betring av funksjonsevna, andre formål

Løyvinga for 2005 er 77,3 mill. kroner.

Det har vore ei relativt sterk auka i utgiftane på denne posten i år, særleg til kurs for at personer som har dårleg syn eller hørsel skal tilpasse seg. Utgiftene samla sett kjem til å bli om lag 2,7 mill. kroner meir enn løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje opp løyvinga med 2,7 mill. kroner til 80 mill. kroner.

Post 78 Høyreapparat

Løyvinga for 2005 er 420 mill. kroner.

I 2005 er det, etter utgiftene dei første 9 månadene å dømme, venta ein vekst i talet på brukarar på 7 pst.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer derfor framlegg om å setje opp løyvinga med 5 mill. kroner til 425 mill. kroner.

Kap 2670 Alderdom

		(1000 kr)			
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift/ mindreutgift
70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i>	32 356 000	33 734 000	33 900 000	166 000
71	Tilleggs pensjon, <i>overslagsløyving</i>	44 046 000	46 640 000	46 960 000	320 000
72	Ventetillegg, <i>overslagsløyving</i>	124 000	107 000	103 000	-4 000
73	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i>	5 129 000	4 976 000	4 990 000	14 000
Sum endringar					496 000

Post 70 Grunnpensjon

Løyvinga for 2005 er 33 734 mill. kroner.

Talet på alderspensjonistar har dei siste to åra auka meir enn venta fordi levetida for folket i Noreg er høgare enn det som følgjer av den gjeldande prognosen over folketalet frå Statistisk sentralbyrå (SSB).

Ein reknar no med at talet på alderspensjonistar i snitt i 2005 blir om lag 2 400 høgare enn ein la til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga for 2005 med 166 mill. kroner til 33 900 mill. kroner.

Post 71 Tilleggs pensjon

Løyvinga for 2005 er 46 640 mill. kroner.

Det er venta at det gjennomsnittlege talet på alderspensjonistar med tilleggspensjon i 2005 vert om lag 2 500 høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Den gjennomsnittlege tilleggspensjo-

nen er også oppjustert noko i høve til tidlegare anslag.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga for 2005 med 320 mill. kroner til 46 960 mill. kroner.

Post 72 Ventetillegg

Løyvinga for 2005 er 107 mill. kroner.

Det er venta at gjennomsnittlege ventetillegget vert om lag 4 pst. lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga for 2005 med 4 mill. kroner til 103 mill. kroner.

Post 73 Sært tillegg

Løyvinga for 2005 er 4 976 mill. kroner.

Det er venta at det gjennomsnittlege særtillegget vert om lag 0,5 pst. høgre enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Antall pensjonistar med særtillegg vil derimot bli noko lågare enn tidlegare antatt.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje opp løyvinga for 2005 med 14 mill. kroner til 4 990 mill. kroner.

Kap 2680 Etterlatne

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap	Løyving	Forslag	Meirutgift (+)
70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i>	1 215 353	1 233 000	1 225 000	-8 000
71	Tilleggs pensjon, <i>overslagsløyving</i>	1 035 166	1 057 000	1 040 000	-17 000
74	Utdanningsstønad	1 536	2 500	1 500	-1 000
75	Stønad til barnetilsyn, <i>overslagsløyving</i>	11 936	14 500	11 500	-3 000
Sum endringer					-29 000

Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 1 233 mill. kroner.

Det er venta at den gjennomsnittlege grunnpensjonen vert lågare enn ein la til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga for 2005 med 8 mill. kroner til 1 225 mill. kroner.

Post 71 Tilleggs pensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 1 057 mill. kroner.

Det er venta at det gjennomsnittlege talet på etterlatne med tilleggspensjon og den gjennomsnittlege tilleggspensjonen vert lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga for 2005 med 17 mill. kroner til 1 040 mill. kroner.

Post 74 Utdanningsstønad

Løyvinga for 2005 er 2,5 mill. kroner.

Utgiftene til stønad til utdanning heng saman med:

- talet på gjenlevande totalt,
- arbeidsmarknaden,
- det generelle nivået på utdanning,
- val av type utdanning mv.

Utgiftene på posten er derfor vanskeleg å anslå. På bakgrunn av utviklinga til og med august vert løyvinga sett ned med 1 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 1 mill. kroner til 1,5 mill. kroner.

Post 75 Stønad til barnetilsyn, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er 14,5 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 3 mill. kroner til 11,5 mill. kroner.

Kap. 2683 Stønad til einsleg mor eller far

		(1000 kr)			
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Overgangsstonad, <i>overslagsløyving</i>	2 253 120	2 350 000	2 330 000	-20 000
72	Stønad til barnetilsyn, <i>overslagsløyving</i>	602 964	612 000	585 000	-27 000
73	Utdanningsstonad	81 380	85 000	80 000	-5 000
76	Forskottering av underhaltsbidrag	1 119 019	1 115 000	1 145 000	30 000
Sum endringar					-22 000

Post 70 Overgangsstonad, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er på 2 350 mill. kroner i 2005.

Nye tal for 2005 viser fleire brukarar enn det som før er lagt til grunn for løyvinga. Samstundes ser ein at stonaden i snitt er lågare enn det som tidlegare var rekna med.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 20 mill. kroner til 2 330 mill. kroner.

Post 73 Utdanningsstonad

Løyvinga for 2005 er på 85 mill. kroner.

Plantala for 2005 viser færre mottakarar av stønad til utdanning ut året enn rekna med tidlegare, mens stonaden er i snitt høgare enn lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 5 mill. kroner til 80 mill. kroner.

Post 72 Stønad til barnetilsyn, overslagsløyving

Løyvinga for 2005 er på 612 mill. kroner.

Nye tal for 2005 viser færre mottakarar enn det som før er lagt til grunn for løyvinga. Samstundes viser det seg at stonaden i snitt vil bli noko høgare enn det som vart rekna med.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 27 mill. kroner til 585 mill. kroner.

Post 76 Forskottering av bidrag til underhald

Løyvinga for 2005 er på 1 115 mill. kroner.

Utgiftene til forskot på tilskot til fostring i 2005 vert nå rekna til 1 145 mill. kroner, 30 mill. kroner høgare enn løyvinga for året. Årsaka til oppjusteringa er at talet på barn med forskot har auka frå 2004 til 2005, og det har i tillegg vore ein auke i det gjennomsnittlege forskotet per barn.

Det vert foreslått at løyvinga for 2005 vert auka med 30 mill. kroner, til 1 145 mill. kroner.

Kap 2690 Diverse utgifter

		(1000 kr)			
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Sykestønadsutgifter i utlandet	95 502	130 000	115 000	-15 000
77	Pasientar frå land med innbyrdes avtale	61 436	60 000	80 000	20 000
Sum endringar					5 000

Post 70 Sjukestønadsutgifter i utlandet

For 2005 er det løyvd 130 mill. kroner.

Utgiftene på denne posten varierer til vanleg

mykje frå månad til månad og posten er difor vanskeleg å anslå. Etter 9 månader var dei registrerte utgiftene berre 31 pst. av løyvinga, men det er venta at handsaminga av innkomne krav om

avrekning mellom landa vil føre til store utgifter mot slutten av året.

Det vert difor foreslått at løyvinga vert redusert med 15 mill. kroner til 115 mill. kroner for 2005.

Post 77 Pasientar frå avtaleland

For 2005 er det løyvd 60 mill. kroner.

Utgiftene på denne posten varierer til vanleg mykje frå månad til månad, og posten er difor vanskeleg å anslå. Etter 9 månader er dei regnskapsførte utgiftene alt høgare enn løyvinga.

Det vert difor foreslått at løyvinga vert auka med 20 mill. kroner til 80 mill. kroner for 2005.

Kap. 5701 Diverse inntekter

(1000 kr)					
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirinntekt/ mindreinntekt
01	Administrasjonsvederlag	25 900	29 100	25 000	-4 100
02	Diverse inntekter	182 900	175 000	185 000	10 000
73	Refusjon bidragspliktige	593 027	597 200	560 000	-37 200
74	Refusjon medisinsk behandling	1 398	2 100	400	-1 700
75	Refusjon overskytande bidrag	29 306	26 400	18 000	-8 400
80	Renter	18 858	40 000	30 000	-10 000
Sum endringar					-51 400

Post 01 Administrasjonsvederlag

Dei største inntektene på posten er vederlag til administrasjon frå Fellesordningen for tariffesta pensjon, kommunale tilleggsytelser, Pensjons-trygda for sjømenn og Statens Pensjonskasse.

Inntektene på denne posten skifter frå år til år, og er vanskelege å anslå. På bakgrunn av utviklinga til og med august 2005 vert inntektene sett omlag 4,1 mill. kroner lågare enn løyvinga for året.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 4,1 mill. kroner, til 25 mill. kroner.

Post 02 Diverse inntekter

Dei største inntektene på posten er refusjonar for mellom anna feil utbetaling for leger, utbetaling av stønad, inntekter av husleie og renter på pantobligasjonar knytt til Folketrygdefondet.

Inntektene på denne posten skifter frå år til år, og er ikkje enkle å budsjettere. På grunn av utviklinga til og med august vert inntektene sett omlag 10 mill. kroner høgare enn løyvinga for året.

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 10 mill. kroner, til 185 mill. kroner

Post 73 Refusjon bidragspliktige

Det er budsjettert med ei innbetaling på 597,2 mill. kroner for 2005.

Det vert nå rekna med ei innbetaling i år 37,2 mill. kroner lågare enn løyvinga. Årsaka er at innbetalingane frå menneske som er pliktige til å betale tilskot har vore lågare enn venta. Dette heng saman med at dei nye reglane for tilskot frå 1.10.2003 nå i større grad verkar inn på innbetalingane. Overgangsreglane i samband med reforma fall bort frå 1.10.2004.

Det vert foreslått at posten vert redusert med 37,2 mill. kroner, til 560 mill. kroner.

Post 74 Refusjon medisinsk behandling

Løyvinga er på 2,1 mill. kroner i 2005.

På grunn av utviklinga til og med august vert inntektene sett omlag 1,7 mill. kroner lågare enn løyvinga for året.

Departementet gjer framlegg om å setja ned løyvinga med 1,7 mill. kroner, til 0,4 mill. kroner.

Post 75 Refusjon overskytande bidrag

Løyvinga er på 26,4 mill. kroner i 2005.

Det vert nå rekna med ei innbetaling i år på 18 mill. kroner, 8,4 mill. kroner lågare enn i løyvinga.

Årsaka er at innbetalingane frå dei som er pliktige til å betale tilskot har vore lågare enn venta.

Departementet gjer framlegg om å setja ned løyvinga med 8,4 mill. kroner, til 18 mill. kroner.

Post 80 Renter

Løyvinga under posten er på 40 mill. kroner i 2005.

Posten dekkjer for det meste renteinntekter av

innskot i bank og innskot for lokale til kontor. Inntektene har endra seg frå år til år. Dei er derfor ikkje enkle å gjere gode anslag for. På bakgrunn av utviklinga til og med august er inntektene sett til 30 mill. kroner for 2005, som er 10 mill. kroner mindre enn løyvinga for 2005.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 10 mill. kroner til 30 mill. kroner.

Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v.

(i 1000 kr)					
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
02	Dividende	152 103	100 000	140 000	40 000

Post 02 Dividende

Pr. 19. september 2005 er det inntektsført 108,5 mill. kroner. Innbetalingane varierer mellom ca. 8 mill. kroner og 25 mill. kroner kvar månad, noko som gjer det vanskeleg å slå fast kor mykje som vil kome inn resten av året. Dividenden heng i ein viss grad saman med utbetalingane frå året før, men det foreligger ingen proporsjonalitet mellom ut- og innbetalingar.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om at løyvinga vert auka med 40 mill. kroner, frå 100 mill. kroner til 140 mill. kroner.

Kap. 5705 Refusjon av dagpengar

(i 1000 kr)					
Post	Namn	Rekneskap 2004	Løyving 2005	Forslag 2005	Meirinntekt (+) Mindreinntekt(-)
01	Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs	63 647	50 000	46 000	-4 000
03	Refusjon av dagpengar frå EØS-land		3 500	2 500	-1 000
	Sum endringar				-5 000

Post 01 Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs

For 2005 er inntektene under post 01 Refusjon dagpengar tidlegare berekna til 50 mill. kroner. På bakgrunn av gjennomsnittlege innbetalingar så langt i år vert løyvinga under kap. 5705, post 01 foreslått redusert med 4 mill. kroner til 46 mill. kroner.

Post 03 Refusjon av dagpengar frå EØS-land

For 2005 er inntektene under post 03 Refusjon dagpengar frå EØS-land tidlegare berekna til 3,5 mill. kroner. På bakgrunn av gjennomsnittleg innbetalingar så langt i år vert løyvinga under kap. 5705, post 01 foreslått redusert med 1 mill. kroner til 2,5 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringer av løyvingar på statsbudsjettet medrekna folketrygda for 2005 under Arbeids- og sosialdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringer av løyvingar på statsbudsjettet medrekna folketrygda for 2005 under Arbeids- og sosialdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer av løyvingar på statsbudsjettet medrekna folketrygda for 2005 under Arbeids- og sosialdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
603		Arbeidsretten meklingsinstitusjonen m.m.	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kroner 11 500 000 til kroner 12 300 000	800 000
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med frå kroner 1 700 000 til kroner 900 000	800 000
604		Ny arbeids- og velferdsforvaltning	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med frå kroner 7 000 000 til kroner 13 200 000	6 200 000
	45	Større utstyrsanskaffing og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kroner 50 000 000 til kroner 46 300 000	3 700 000
620		Utredningsverksemd, forskning m.m.	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med frå kroner 76 750 000 til kroner 74 250 000	2 500 000
634		Arbeidsmarknadstiltak (jf. kap. 3634)	
	70	Ordinære arbeidsmarknadstiltak, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kroner 1 532 100 000 til kroner 1 562 100 000	30 000 000
	73	Investeringar i skjermede tiltak, <i>kan overførast</i> , kan nyttast under post 71 blir redusert med frå kroner 77 400 000 til kroner 47 400 000	30 000 000
	74	Lønnssubsidium for reaktivisering, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 33 400 000 til kroner 12 500 000	20 900 000
642		Petroleumstilsynet	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med frå kroner 13 000 000 til kroner 16 500 000	3 500 000
660		Krigspensjon	
	70	Tilskott, militære, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 261 000 000 til kroner 255 000 000	6 000 000
	71	Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 628 000 000 til kroner 615 000 000	13 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
664		Pensjonstrygden for sjømenn	
	70	Tilskott, blir auka med frå kroner 635 000 000 til kroner 641 000 000	6 000 000
666		Avtalefesta pensjon (AFP)	
	70	Tilskott, blir redusert med..... frå kroner 805 000 000 til kroner 785 000 000	20 000 000
2543		Ytingar til yrkesretta attføring	
	70	Attføringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 10 979 000 000 til kroner 10 680 000 000	299 000 000
	71	Attføringsstønader, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 1 630 000 000 til kroner 1 556 000 000	74 000 000
2650		Sjukepengar	
	70	Sjukepengar for arbeidstakarar m.v, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 22 415 000 000 til kroner 21 150 000 000	1 265 000 000
	71	Sjukepengar for sjølvstendige m.v, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 1 810 000 000 til kroner 1 500 000 000	310 000 000
	72	Omsorgs- og pleiepengar ved barns sjukdom m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 395 500 000 til kroner 280 000 000	115 500 000
	75	Feriepengar av sjukepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kroner 1 380 000 000 til kroner 1 260 000 000	120 000 000
2652		Medisinsk rehabilitering m.v	
	70	Rehabiliteringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kroner 7 592 000 000 til kroner 7 820 000 000	228 000 000
	71	Legeerklæringar, blir redusert med frå kroner 275 000 000 til kroner 240 000 000	35 000 000
2655		Uføre	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kroner 16 777 000 000 til kroner 16 626 000 000	151 000 000
	71	Tilleggs pensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... frå kroner 24 761 000 000 til kroner 24 790 000 000	29 000 000
	72	Særtilllegg, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 1 410 000 000 til kroner 1 400 000 000	10 000 000
	73	Foreløpig uførepensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 255 000 000 til kroner 225 000 000	30 000 000
	74	Tidsavgrensa uførestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kroner 2 202 000 000 til kroner 2 250 000 000	48 000 000
	75	Menerstatning ved yrkesskade, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 105 000 000 til kroner 100 000 000	5 000 000
	76	Yrkesskadetrygd gml. lovgivning, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... frå kroner 72 000 000 til kroner 80 000 000	8 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
2661		Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.v.	
	70	Grunnstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 1 490 000 000 til kroner 1 475 000 000	15 000 000
	71	Hjelpestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 1 564 600 000 til kroner 1 530 000 000	34 600 000
	73	Hjelpemiddel m.v under arbeid og utdanning, blir auka med frå kroner 149 000 000 til kroner 155 000 000	6 000 000
	74	Tilskott til bilar, blir redusert med..... frå kroner 975 000 000 til kroner 745 000 000	230 000 000
	75	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel, blir redusert med frå kroner 2 756 000 000 til kroner 2 555 000 000	201 000 000
	76	Betring av funksjonsevna, andre formål, blir auka med..... frå kroner 77 300 000 til kroner 80 000 000	2 700 000
	78	Høyreapparat, blir auka med frå kroner 420 000 000 til kroner 425 000 000	5 000 000
2670		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kroner 33 734 000 000 til kroner 33 900 000 000	166 000 000
	71	Tillegggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kroner 46 640 000 000 til kroner 46 960 000 000	320 000 000
	72	Ventetillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kroner 107 000 000 til kroner 103 000 000	4 000 000
	73	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... frå kroner 4 976 000 000 til kroner 4 990 000 000	14 000 000
2680		Etterlatne	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 1 233 000 000 til kroner 1 225 000 000	8 000 000
	71	Tillegggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kroner 1 057 000 000 til kroner 1 040 000 000	17 000 000
	74	Utdanningsstønad, blir redusert med frå kroner 2 500 00 til kroner 1 500 000	1 000 000
	75	Stønad til barnetilsyn, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 14 500 000 til kroner 11 500 000	3 000 000
2683		Stønad til einsleg mor eller far	
	70	Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kroner 2 350 000 000 til kroner 2 330 000 000	20 000 000
	72	Stønad til barnetilsyn, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 612 000 000 til kroner 585 000 000	27 000 000
	73	Utdanningsstønad, blir redusert med frå kroner 85 000 00 til kroner 80 000 000	5 000 000
	76	Forskottering av underhaldsbidrag, blir auka med frå kroner 1 115 000 000 til kroner 1 145 000 000	30 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
2690		Diverse utgifter	
	70	Sjuketønadsgifter i utlandet, blir redusert med frå kroner 130 000 00 til kroner 115 000 000	15 000 000
	77	Pasientar frå land med innbyrdes avtale m.v., blir auka med..... frå kroner 60 000 000 til kroner 80 000 000	20 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3630		Aetat (jf. kap. 630)	
	80	Innfordra misbruk av dagpengar, blir auka med frå kroner 35 600 000 til kroner 60 000 000	24 400 000
	81	Innfordra misbruk attføringsytningar, blir auka med..... frå kroner 11 100 000 til kroner 15 000 000	3 900 000
3634		Arbeidsmarknadstiltak (jf. kap. 634)	
	02	Opplæringstenester, blir auka med frå kroner 1 900 000 til kroner 20 000 000	18 100 000
	60	Refusjon, forsøk dagpengar, blir redusert med frå kroner 1 500 000 til kroner 600 000	900 000
3640		Arbeidstilsynet	
	01	Diverse inntekter, blir redusert med..... frå kroner 1 800 000 til kroner 1 300 000	500 000
	05	Tvangsmulkt, blir auka med frå kroner 1 600 000 til kroner 23 600 000	22 000 000
3642		Petroleumstilsynet	
	02	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, blir redusert med frå kroner 1 300 000 til kroner 500 000	800 000
	03	Refusjon av tilsynsutgifter, blir auka med..... frå kroner 54 000 000 til kroner 59 000 000	5 000 000
5701		Diverse inntekter	
	01	Administrasjonsvederlag., blir redusert med..... frå kroner 29 100 000 til kroner 25 000 000	4 100 000
	02	Diverse inntekter, blir auka med frå kroner 175 000 000 til kroner 185 000 000	10 000 000
	73	Refusjon frå bidragspliktige, blir redusert med frå kroner 597 200 000 til kroner 560 000 000	37 200 000
	74	Refusjon medisinsk behandling, blir redusert med frå kroner 2 100 000 til kroner 400 000	1 700 000
	75	Refusjon overskytande bidrag, blir redusert med frå kroner 26 400 000 til kroner 18 000 000	8 400 000
	80	Renter, blir redusert med frå kroner 40 000 000 til kroner 30 000 000	10 000 000
5704		Statsgaranti for lønskrav ved konkurs	
	02	Dividende, blir auka med frå kroner 100 000 000 til kroner 140 000 000	40 000 000
5705		Statsgaranti for lønskrav ved konkurs, dagpengar	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	01	Refusjon dagpengar, blir redusert med frå kroner 50 000 000 til kroner 46 000 000	4 000 000
	03	Refusjon av dagpengar fra EØS-land, blir redusert med frå kroner 3 500 000 til kroner 2 500 000	1 000 000

Andre fullmakter

II

Tilføying av stikkord

Stortinget samtykker i at stikkordet:

«*kan overføres*» tilføyes løyvinga under kap. 2650 Sjukepengar, post 74 Refusjon bedriftshelse-tenester, i statsbudsjettet for 2005.

III

Sal av aksjar

Stortinget samtykker i at Arbeids- og sosialdepartementet og Justisdepartementet kan selge statens aksjer i AS Rehabil, Blindes Produkter og Industritjeneste AS.

